



Celine, Christine og Mariel lagar julekort

Laurdag var vel 25 born og ein del foreldre samla til juleverkstad i forsamlingshuset Vonheim på Haugland. Det var Anne Grethe Musland og Britt Torill Mathiesen som hadde teke initiativet til tiltaket, og det var tydelegvis svært så populært.



Det vart laga mykje fint i Vonheim som dei unge kunstnarane kunne ta med h

- Etter det eg kan hugsa, har det vore arrangert ein liknande juleverkstad ein gang tidlegare; for mange år sidan då eg var liten, fortel Britt Torill.

No hadde dei to initiativstakarane funne ut at tida for å prøva på nytt var der.

- Det er nemleg ganske så mange ungar opp gjennom dalen no, grunnjev Anne Grethe og Britt Torill samstundes som dei gjev uttrykk for at dei håpar at dette kan verta eit årvisst arrangement.

Det synet er eg heilt sikker på at dei får støtte for både frå borna og foreldra som var i Vonheim denne laurdagen. Dei var tydelegvis kjempefornøgde alle som ein! Dei hadde kosa seg skikkeleg samstundes som dei hadde laga mykje fint. Her var mage flotte variantar av julekort. Nydelege korger og fuglematarar hadde dei laga av mjølkekartongar. Ein fryd for auga var og fyrstikkeskene og trehjartene som dei hadde dekoret så flott. Spenstige nissar hadde dei og laga, medan lenkjene av glanspapir alt var komne på veggen. Der skal dei henga til pynt under julefesten fjerde juledag.

Innimellom produksjonen kosa borna seg med saft og peparkaker medan dei vaksne fekk kaffi. Dei tre timane juleverkstaden varte, gjekk fort, og eg er sikker på at mange alt gler seg til juleverkstaden neste år.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Britt Torill Mathiesen





Harald og Jarand lagar juleharter